



FELLES SØKNAD OM DRIFTSTØTTE: SOGN OG FJORDANE UNGDOMSLAG OG HORDALAND UNGDOMSLAG

Sogn og Fjordane Ungdomslag (SOFUL) og Hordaland Ungdomslag (HU) har lenge samarbeidd om felles prosjekt. Regionlaga deler òg dei same utfordringane knytt korleis vi skal oppretthalde lokallaga og utvikle dei tradisjonelle aktivitetane til laga. Her er regionlaga opptekne av at det ligg mykje viktig kompetanse og kunnskap i laga som vi ikkje må miste. Lokallaga er m.a. sentrale i overføring av immateriell kulturarv, som dans, musikk og tradisjonshandverk. Dei fleste lokallaga våre eig i tillegg eigne ungdomshus som krev ressursar, både i form av kunnskap om vedlikehald og generell rådgeving. Samstundes ser vi at det er viktig at regionlaga har kapasitet og ressursar til å medverke til at lokallaga kan utvikle nye aktivitetar.

Samanslåing av dei to fylka har òg aktualisert eit tettare samarbeid mellom regionlaga.

I dag har SOFUL og HU til saman 70 lokallag og i overkant av 2 000 medlemmer. Vi er med dette blant dei største frivillige organisasjonane i Vestland fylke. Lokallaga utgjør kjernen i arbeidet vårt og det er viktig å auke innsatsen i dette arbeidet.

Ein sentral del av arbeidet til SOFUL har dei siste åra har vore konsentrert rundt prosjektet Huset i Bygda (HiB). Det er viktig å vidareføre dette arbeidet slik at opparbeidd kunnskap i organisasjonen ikkje forvitrar. Samstundes ser vi at fokus på HiB til ein viss grad har gått utover arbeidet med å ivareta og utvikle våre eigne lokallag.

Arbeidet til HU har vore konsentrert rundt støttefunksjonar, der regionlaget har ytt økonomisk tilskot til lokallag. Laget har i liten grad vore involvert utvikling og rådgeving når det gjelder lokallagsarbeidet.

Det er difor naudsynt med eit organisatorisk løft for å ivareta lokallaga i heile Vestland fylke. For å klare dette, er det naudsynt å auke personalressursane.

Formålet med HiB er å hjelpe, støtte og inspirere til alle former for tiltak for lokale organisasjonseigde kulturbygg. Dei fleste husa er ikkje tilknytt landsdekkande organisjonar. SOFUL, som eig og driftar HiB, har sidan 2010 opparbeidd kompetanse og den oversikten som krevst for å rettleie og hjelpe organisasjonseigde hus.

Tilgang til fysiske møteplassar er òg viktig for og bu- og oppvekstmiljø som er svært sentral element for positiv busetnadsutviklinga i heile Vestland fylke. Bygdene sine eigne kulturbygg må difor utviklast med tanke på framtida. Det har synt seg at å ta vare på desse lokale kulturhusa som kulturstad og kulturminne er eit krevjande og viktig arbeid. Huseigarar avhengige av råd, rettleiing, kurs og tilrettelegging for å lukkast i å vedlikehalde ein aldrande bygningsmasse og utvikle organisasjonseigde hus (ungdomshus, bygda/-grendahus, samfunnshus og bedehus) som aktuelle og velfungerande samlingsstadar.

Samstundes har arbeidet til HiB vorte meir krevjande dei to siste åra. HiB har ansvar for heile Vestland fylke, òg får no tilbakemeldingar frå lokallag og huseigarar om at covid-19 – pandemien har sett deira arbeid mykje tilbake, både i form av inntektstap og færre aktivitetar i husa. Dette medverkar til at det no er krevjande å halde oppe engasjementet kring husa. I og med at HiB har



ansvar for Vestland fylke er det naturleg at HU trer inn i prosjektet som deleigar i prosjektet. Dette vil og forankre prosjektet i lokallaga i Hordaland.

SOFUL og HU ser difor at det er eit godt grunnlag for å utvikle dette samarbeidet vidare ved å opprette ein felles stilling. Målsetninga er å tilby kvalifisert person engasjement i fulltidsstilling.

Stillinga er planlagd å vere todelt:

1. Ivaretaking og utvikling av lokallag
2. Arbeide vidare med HiB

Denne personen vil få ansvar for å handtere lokallaga våre, samt vidareutvikle HiB til å bli ein synleg og viktig partner for alle organisasjonseigde hus i Vestland fylke.

Forankring

Regjeringa har i Hurdalsplattforma signalisert auka støtte til det frivillige arbeidet. M.a. er regjeringa opptatt av levande lokalsamfunn og eit ope, inkluderande og mangfaldig kulturliv i heile landet.

Verksemda til SOFUL og HU er i tråd med ambisjonane i Utviklingsplan for Vestland fylke 2020-2024 og kulturstrategien til fylkeskommunen. Begge disse planane framhevar at strategien føreset samarbeid og partnerskap mellom fylkeskommunen og andre offentlege og private aktørar i regionen. Ikkje minst er frivilligheita ein viktig samarbeidspart i nærmiljøa. Bulyst, trivsel og folkehelse er òg viktig, både for ungdomslaget og fylkeskommunen. I tillegg er arbeidet vårt i tråd med FN sine berekraftsmål, som punkt 11, berekraftige byar og lokalsamfunn.

HiB vil med vår kompetanse og innsikt i det frivillige kulturlivet, i partnerskap med Vestland fylkeskommune og andre kulturaktørar, vil vere eit viktig element i utviklinga av det frivillige kulturfeltet i Vestland fylke.

Samarbeid på tvers

HiB er eit framifrå døme på korleis frivillige organisasjonar og offentleg forvaltning kan samarbeide om både å løyse oppgåver og å skape og ta vare på fellesskapsverdier.

I Sogn og Fjordane har HiB mellom anna inngått partnerskap med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Vi er ansvarleg for å administrere og dele ut gåvemidlar til bygningsmessige tiltak til organisasjonseigde kulturhus. I 2022 disponerer vi 2 millionar kr. til dette tiltaket frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Vi vil arbeide for å få tilsvarande ordning for Hordaland. HiB har også tett kontakt med det administrative og politiske miljøet både nasjonalt og i Vestland fylke. HiB bidreg òg med innspel og vurderingar i Vestland fylkeskommune sitt arbeid med tilskot via desentralisert ordning for lokale kulturbygg. I tillegg fekk HiB delegert ansvar frå Kulturdepartementet i 2021/2022 for å forvalte eiga tilskotsordning til organisasjonseigde hus som fell utanfor dei ordinære covid-19 – kompensasjonsordningane. På denne måten har HiB vorte eit viktig bindeledd mellom offentleg forvaltning og private stiftingar som bidreg med økonomisk støtte til lokale kulturhus.



Arbeidet til HiB er avgjerande for å synleggjere den totale trongen for økonomiske midlar til lokale kulturhus. Økonomiske overslag, tufta på faktagrunnlag, er viktige innspel i synleggjering av dei reelle behova for t.d. spelemiddelstøtte til lokale kulturhus både i Vestland og nasjonalt.

Eit driftstilskot som omsøkt vil vere avgjerande for å ivareta og løfte lokallaga våre, samt utvikle HiB og utvikle møtestadar og verktøy som gjer dei lokale laga til meir kompetente huseigarar i Vestland fylke. Dette vil òg styrke og avlaste fylkeskommunen sitt arbeid med å legge til rette for at husa òg i framtida kan vere viktige kulturarenaer og kulturberarar.

Vi søker om kr. 450 000 i driftstilskot for 2022. Vi viser til vedlegg for nærare utgreiing.